



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 17/758-12

Internt l.nr.: 44762/17

Sak: 43/17

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 21. november 2017**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Orienteringar etter møte i representantskap og gen.fors hausten 2017
 - a. Trivselshagen IKS v/Karoline Bjerkeset

Karoline orienterte om status i Trivselshagen. Reklamasjonssaken ikkje ferdig. Kostnadane for leigetakarane i Trivselshagen vil auke. Orienteringa vart teken til vitande.

- b. SF revisjon IKS v/Frank Willy Djuvik

Fusjonen var hovudtema. Spørsmålet er eigarform vart diskutert. To av selskapa er organisert som § 27 og eit som IKS. Representantskapet ynskte IKS-modellen, men konkluderte med at samanslåing er viktigare enn val av organisasjonsmodell. Orienteringa vart teken til vitande.

- c. Orientering om HAFS Utvikling v/KU-leiar og styreleiar i Lutelandet Utvikling Arve Helle

Arve Helle orienterte om status for HAFS Utvikling. Sogn og Fjordane fylkeskommune har eigarskap i selskapet via eigarskapen i Lutelandet Utvikling. Fylkeskommunen har utøvd eigarskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, og vil ikkje i denne omgang føreta seg noko meir i saka.

2. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. FR Innkjøp

Høyringssvaret er mottatt av Deloitte AS. Det er avdekka ein del avvik. Det er ikkje berre uvesentlege avvik. Det er avdekka brot på regelverket i samband med enkelte innkjøp. Rapporten vert ferdig i starten av neste veke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vil handsame rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp i eit kontrollutvalsmøte 13. desember kl. 10.00.

b. FR Musea i Sogn og Fjordane

Den er ikkje sendt til høyring ennå. Den blir sendt ut no i desse dagar. Den vil bli levert på nyåret.

3. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Marianne orienterer om status finansiell revisjon. Orienteringa var i forhold til planen som var orientert om tidlegare i haust. Orienteringa er teken til vitande.

4. Orientering om seminaret "Kraft i Vest 2017" - Klaus Iversen

Klaus orienterte om seminaret. Orienteringa vart teken til vitande.

5. Leige av lokale til tannlegekontor i Askvoll

Kontrollsjefen hadde fått utarbeidd ei juridisk vurdering av prosessen for leige av tannlegekontor i Askvoll på bakgrunn av vedtak i KU-sak 37/17. Konklusjonen i den juridiske vurderinga er at grunngevinga for kvifor ein meiner at kontrakten er unnateke frå kunngjeringsplikta er oppfylt for dette leigeforholdet. Konklusjonen gjev ikkje grunnlag for ytterlegare handlingar frå kontrollutvalet si side.

6. Status VIGO

Oriertert om status. Prosjektplaner forseinka. Planen vert etter vedlagt informasjon handsama 25. november av kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune. Orienteringa vart teken til vitande.

7. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Solfrid Fossberg valt til nytt 2. varamedlem i KU
- b. KU-konferansen 7. – 8. februar 2018. Påmelding til kontrollsjef innan 13. desember.
- c. Bestilling av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt vart diskutert. Utvalet ba kontrollsjef om å utarbeide bestilling til neste møte.
- d. Budsjett kontrollutvalet 2017. Leiar i utvalet i samråd med kontrollsjef fekk fullmakt til omfordeling av budsjettmidlar innanfor ansvarsområde 110.